



DEN NORSKE KYRKJA

Årsmelding for Sveio sokn 2024

Sveio sokneråd

Godkjent i Sveio sokneråd 19. mars 2025 (på sirkulasjon per e-post)

Adresse:

Besøksadresse: Sveio soknehus, Steinhaugvegen 10, Sveio

Postadresse: Postboks 65, 5559 Sveio.

E-post: post@sveiokyrkja.no

Telefon 53 74 84 20

Innhald

Innleiing.....	3
Soknerådet.....	3
Representantar til kyrkjeleg fellesråd	3
Sveio soknehus og Gjenbruksløa	4
Årsmelding	4
Aktivitet og statistikk for Sveio sokn.....	5
Aldersfordeling medlemmer av Den norske Kyrkja Sveio sokn.....	5
Gudstenester og besøkstal	5
Trusopplæring – punkttiltak og kontinuerlege tiltak.....	6
Kyrkjemusikk og korarbeid	6
Dåp.....	6
Babysang – barn frå 0 til om lag 1 år.....	6
Krøllekveld – utdeling av bok og lammet «Krølle» til 2-åringane	6
4-årsbok	6
6-årsbok	6
Dåpskulen for 7-åringar	6
Tårnagenthelg for 8-åringar	6
Etter skuletid for barn på 3. og 4. årssteg (8- og 9-åringar)	6
«På sporet av Jesus» - for 9-åringane.....	7
Bibelen til 5.klassingane	7
Lys Vaken for 12-åringane	7
Tweensklubb - Klubbkveld i soknehuset for 5.-7. klassingar fredagskveldar	7
Kidshouse på Vigdartun for 5. -7. klassingar fredagskveldar	7
Konfirmasjon	7
Minileiarkurs (MILK) for 16-åringar.....	7
Diakoni.....	8
Songtreff	8
Diakonprosjektet «Besøksteneste for vår tid».....	8
Økonomi.....	9

Innleiing

Den norske kyrkja sin visjon er «Meir himmel på jord», og dei konkrete måla handlar om eit levande gudstenesteliv, om dåp og trusopplæring, samfunnsengasjement og eit fungerande kyrkjedemokrati.

Björgvin bispedømme sin visjon er "Saman skal vi ære den treeinige Gud, ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd".

Sveio sokn har eit måldokument frå førre soknerådsperiode knytt til desse konkrete måla. Soknerådet i Sveio sokn vil arbeida for at menneske i alle aldrar og livssituasjonar skal kunne oppleve at dei høyrer til i kyrkja og bli respekterte der, slik at alle kan ta del i det lokale kyrkjelivet.

Sentralt i 2024 har vore Bispevisitasen i september. I tillegg har året vore prega av vikarar for kantor og sokneprest.

Soknerådet vil retta ei stor takk til tilsette og frivillige medarbeidarar for samarbeid og teneste på ulikt vis i kyrkjelyden!

Soknerådet

Sveio sokneråd har i 2024 hatt fylgjande samansetjing:

- Anne Vierdal, leiar til oktober 2024*
- Rune Hjelmeseter, nestleiar til oktober 2024, leiar frå november 2024*
- Leiv Rossehaug, nestleiar frå november 2024*
- Sigrund Breistig
- Astrid Furdal
- Solfrid Lier Habbestad
- Bente Hovland Johannessen
- Hildur Larsen
- Kjell Gunnar Nymark (vara)
- Lars Severin Reiersen (vara)
- Lars Edvart Larsen (vara)
- Rikard Stokkenes (vara)
- Magnus Tveit (ikkje aktivt medlem)
- Arild Steinsland (geistleg medlem fram til ny sokneprest kom på plass januar 2025)

** Soknerådet skal i oktober kvart år velje leiar og nestleiar for eitt år om gongen*

Sveio sokneråd har hatt 11 møte i 2024 og handsama 118 saker. Soknerådet har etablert utval for trusopplæring og diakoni, i tillegg til koordinator for kyrkjevertgruppene.

Representantar til kyrkjeleg fellesråd

Soknerådet valde følgjande representantar til Kyrkjeleg fellesråd for perioden 2023-2027:

- Rune Hjelmeseter
- Astrid Furdal
- Kjell Gunnar Nymark (vara)
- Sigrund Breistig (vara)

På grunn av val av ny leiar i soknerådet frå november 2024, valde soknerådet ny medlem til fellesrådet frå desember 2024:

- Solfrid Lier Habbestad

Sveio soknehus og Gjenbruksløa

Sveio sokn har 2/3 eigarskap i soknehuset. Sveio sokneråd oppnemner fire medlemmer til styret for Sveio Soknehus, der to medlemmer er valt frå Sveio Bedehus.

Sveio soknehus og Sveio Gjenbruksbutikk (Gjenbruksløa) er organisert i eiga verksemd.

Årsmelding

Leiar for soknerådet har redigert årsmeldinga for 2024 med bidrag frå kyrkjeverje Rita Holmedal og avgått kyrkjelydspedagog Haldis Rolfsnes Stueland.

Årsmeldinga og rekneskapen for Sveio sokn er vedteken i Sveio sokneråd og er til orientering for årsmøtet i Sveio sokn.

Aktivitet og statistikk for Sveio sokn

I denne delen av årsmeldinga ser vi litt på statistikk for Sveio sokn og aktivitetane i soknet.

Medlemstal for Den norske Kyrkja Sveio sokn

Medlemstalet for Den norske kyrkja i Sveio sokn føl ein nedovergåande trend, som tabellen under viser.

	2024*	2023	2022	2021	2020
0 – 19 år		800	820	831	906
20 -29 år		327	360	359	341
30 – 44 år		547	554	557	584
45 – 64 år		682	680	701	685
65+		613	596	575	571
Medlemmer (og tilhøyrande)**	2944	2969	3010	3023	3 087
Kyrkjemedlemmer blant innbyggjarane i Sveio sokn			79%		80%

* For 2024 var det ikkje tilgjengeleg eksakte tal for aldersinndelinga då årsmeldinga vart skriven.

**Frå 01.01.2021 er «tilhøyrande» (ikkje døypte barn av medlemmer) ikkje lenger med i statistikken. For Sveio sokn var det 50 «tilhøyrande» under 18 år pr. 31.12.2020.

Gudstenester og besøkstal

Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2024 viser at Sveio sokn har hatt 49 gudstenester med i gjennomsnitt 81 deltakarar. Av desse har 27 vore nattverdsgudstenester med i gjennomsnitt 49 nattverdsgjester. Gjennomsnittstalet for deltakarar i gudstenestene i 2024 er på sitt lågaste sidan pandemien, medan talet på nattverdsgjester har gått noko opp.

Aktivitet	2024	2023	2022	2021	2020
Gudstenester totalt	49	49	46	47	36
Snitt tal deltakarar	81	102	115	63	69
Gudstenester med nattverd	27	26	23	17	14
Snitt tal deltakarar	49	45	37	31	34
Gudstenester med dåp	14	12	16	14	9
Døypte babyar	24	33	31	26	23
Døypte vaksne/ Konfirmantar/større barn	4	1	3	2	2
Konfirmerte	47	45	45	48	49
Kyrkjelege vigslar	4	6	5	3	4
Gravferder	18	16	24	23	16
Offer totalt beløp	188 000	168 150	121 177	85 747	68 787
Offer til eiga verksemd	73 000	94 002	43 114	27 270	25 682
Givarteneste kyrkjelyden*	23 000	15 800	24 600	25 400	21 400
Eigen basar, innsamlingar**	64 000	72 264	56 871	29 644	0

*Omfattar faste gjevarar til trusopplæring og soknehuset, som ikkje høyrer til soknet.

**Gåver til arbeid som ikkje inngår i soknerådet (statistikk – ikkje rekneskapstal)

Trusopplæring – punkttiltak og kontinuerlege tiltak

Punkttiltak i trusopplæringa er årlege møte med barn og unge frå 0 til 18 år, der me har årlege tilbod til dei ulike aldersgruppene. Desse tilboda er nedfelte i Sveio sin plan for trusopplæring. Storparten av tilboda har blitt gjennomførte. Invitasjonar blir sende ut til barn/unge som er medlemmer i kyrkja, eller registrerte som ønskjer invitasjonar. Barn som ikkje er døypte kan delta, men familien må sjølv ta kontakt med kyrkja for å få informasjon. Facebooksida «Sveio kyrkja» og oppmoding til å dela informasjonen blir brukt. Nedafor er gitt tal for deltaking i tal og i prosent av dei døypte for ein del av tiltaka i plan for trusopplæring.

Kyrkjemusikk og korarbeid

I 2024 Det har vore felles øvingar for aspirant og barnekor med øving kvar torsdag kveld. Talet på medlemmar pr 31.12.24 var 31, mot 23 i 2023.

Dåp

I 2024 blei 24 døypte i Sveio kyrkje, ein nedgang frå 33 frå året før.

Babysang – barn frå 0 til om lag 1 år

19 barn frå Sveio sokn har gått jamnleg eller vore innom på Babysang i 2024. Dette er 68 % av barna. I 2024 har tre Babysang-stunder vore på dagsenteret på Sveio omsorgssenter. Dei aller fleste Babysang-stundene er på Soknehuset.

Krøllekveld – utdeling av bok og lammet «Krølle» til 2-åringane

2024: 13 av 30 born, 43% av toåringane frå Sveio sokn med foreldre deltok. Dette er om lag som tidlegare år. Arrangementet er eit samarbeid med Sveio barnesang.

4-årsbok

I 2024 fekk 17 av 26 barn (65%) fekk 4-årsboka. Utdelinga var i barnegudstenesta same dag som kyrkjelydsbasaren. Dette er ein auke frå 52 % i 2023 og 44 % i 2022.

6-årsbok

I 2024 blei 6-årsboka delt ut i same gudsteneste som 4-årsboka. 26 av 49 barn (53%) fekk boka. Tidlegare har boka blitt delt ut i ei eiga samling med barnekoret, med lågare deltaking (33 % i 2023 og 38 % i 2022)

Dåpskulen for 7-åringar

Hausten 2024 deltok 7 barn som fyller 7 år i 2024 (21%) på dåpsskulen i Sveio skulekrins.

Dåpskulen består av seks samlingar, med måltid, bibelforteljing og song, formingsaktivitet og lek.

Tårnagenthelg for 8-åringar

Tårnagenthelg blir arrangert for 8-åringane i Sveio kyrkjelyd seinhausten. I 2024 deltok 8 av 33 born (24 %).

Etter skuletid for barn på 3. og 4. årssteg (8- og 9-åringar)

Etter skuletid blei gjennomført både i vårsemesteret og i haustsemester 2024, 8 tysdagar i kvart semester. 21 barn deltok. Det er gjennomsnittleg 27% av årskulla.

Ei samling har måltid, samling med bibelforteljing, minneord og sang, lek og aktivitet. 9 frivillige har deltatt i kjøkkenteneste, fire lønna medarbeidarar og ein frivillig har deltatt i samling og aktivitetar med barna. Gruppa er innmeldt i Søndagsskulen.

«På sporet av Jesus» - for 9-åringane.

På sporet av Jesus er eit uteteater i Førde, der borna får møte bibelske personar og deira forteljing om sitt møte med Jesus. Dette skjer i ei løype frå Førde kyrkje til Prestegardsstranda. Arrangementet er felles for Sveio og Valestrand og Førde sokn.

«På sporet av Jesus» vart ikkje gjennomført i hausten 2024, grunna for få påmelde.

Bibelen til 5.klassingane

Bibelen blei utdelt i gudsteneste i samband med Lys Vaken.

8 av 53 (15%) av 11-åringane fekk Bibelen i 2024.

Lys Vaken for 12-åringane

Arrangement med overnatting i kyrkja.

I 2024 deltok 9 av 42 (21%) av 12-åringane.

Tweensklubb - Klubbkveld i soknehuset for 5.-7. klassingar fredagskveldar

På ein tweensklubbkveld er opplegget ei samling med bibelforteljing eller anna form for andakt, quiz, kiosk og ulike aktivitetar.

Det har vore 7 tweensklubbkveldar i 2024. 20-25 barn har deltatt på Tweensklubben jamleg. Ein fast kjerne kjem så å seie kvar gong, medan andre kjem ein del av gongene.

Kidshouse på Vigdartun for 5. -7. klassingar fredagskveldar

Kidshouse er utvikla over mange år med Vigdartun som arena, og er formelt registrert som ei foreining med eigne vedtekter. Målet med Kidshouse er å invitere til eit ope og samlande fritidstilbod i regi av Sveio kyrkje, for born mellom 5. - 7. klasse i Sveio kommune.

To koordinatorar og 12 foreldre er i rolla som nærverande og oppmerksame vaksne. Dette er ein stor boltreplass med mange aktivitetar og eit kyrkjehjørne. Eldre ungdommar er ressurspersonar i enkelte aktivitetar.

I 2024 vart det arrangert 7 Kidshousekveldar. Deltakartalet har vore frå 80 til 120 barn. Inger Synnøve Reiersen og Daniel Spilde var koordinatorar.

Konfirmasjon

Det var 47 konfirmantar i Sveio sokn var det i 2024. Det er om lag likt som i 2023 og 2022 og er ei oppslutning på over 90 % av medlemmene i årstrinnet.

Minileiarkurs (MILK) for 16-åringar

I 2024 deltok 15 av 10.-klassingane i Sveio på MILK-kurs (minileiarkurs). MILK-deltakarane er ein positiv gjeng, og er svært viktige leiarar i tiltak for yngre barn. Det er viktig å følge desse opp vidare og la dei få prøve seg som leiarar med nye oppgåver.

Diakoni

Diakoni er kyrkjelyden sitt omsorgs- og felleskapsbyggjande arbeid. Dette arbeidet blir gjort i organiserte og uorganiserte former. Eit døme er dugnaden på Gjenbruksløa, som er avgjerande for at vi har Soknehuset. Andre døme er klokkartenesta, kyrkjevertane, gjennomføringa av juletefesten, laurdagsgrauten, verv i råd og utval. Kidshouse er òg mellom kyrkjelyden sine diakonale tiltak.

Songtreff

Songtreffa starta våren 2024, med mål om å samla seniorar for å syngja frå dei gamle songskattane våre.

Tiltaket har blitt godt motteke og seniorarar frå alle delar av kommunen sluttar godt opp om arrangementa. I tillegg til fellessong, inneheld songtreffa eit miniforedrag, eit songinnslag frå lokale, unge utøvarar og ein lang og god kaffipause, der praten sit laust.

I 2024 blei det arrangert 7 songtreff, fire på våren og tre på hausten. I snitt var det om lag 50 personar med på samlingane. Tre av medlemmene i soknerådet står for all planlegging og gjennomføring av desse arrangementa.

Diakonprosjektet «Besøksteneste for vår tid»

Soknerådet har etablert eige utval for diakoni i Sveio sokn. Diakoniutvalet har i 2024 jobba med å få på plass finansieringa til ei prosjektstilling som diakon i 50 % for eit 3-årig prosjekt kalla «Besøksteneste for vår tid». Finansieringa kjem 50 % frå Gjenbruksløa og 50 % frå Sveio kommune. Sveio kommune vedtok i desember 2024 å gje midlane over budsjettet for 2025 og stillinga vart lyst ut rett over nyttår.

Økonomi

Sveio sokn sin driftsrekneskap for 2024 kjem ut med eit underskot på kr 3975. Underskotet vart dekkja av disposisjonsfondet til Sveio sokneråd. Det utgjier ved årsslutt kr 289 311.

Kyrkjeoffer i Sveio kyrkje i 2024 utgjier kr 188 000, av desse gjekk kr 73 000 til kyrkjelydsarbeidet lokalt. Lokale formål har vore: Barne og ungdomsarbeidet, Soknehuset, Konfirmantarbeidet, Diakoniarbeidet og Kyrkjelydsarbeidet.

Eksterne kyrkjeoffer i 2024 utgjorde kr 115 000 av dei totale kyrkjeoffera. Desse eksterne organisasjonane/føremåla har mottatt offer frå Sveio sokn i 2024: KFUK/KFUM Haugaland, Bibelselskapet, Fasteaksjonen, NMS, Barnekoret, Redd Barna, Indremisjonsforbundet, TV-aksjonen, Stefanusalliansen, Mercy Ships, Kirkens Nødhjelp, Kirkens SOS, og Kirkens Bymisjon.

Fasteaksjonen frå heile kommunen hadde ei innsamling på kr 90 768 i 2024. Det er ny rekord for Sveio kommune! Den gamle rekorden var kr 77 000. Fasteaksjonen er ikkje inkludert i tala i avsnittet over.

Økonomien for Sveio sokn blir vurdert til å gå i balanse. Rekneskapen for Sveio sokn for 2024 blei godkjent i Sveio sokneråd 13. mars. Rekneskapen er vedlagt Årsmeldinga.

Drifta av Soknehuset skjer i regi av Sveio sokn og Valestrand/Førde sokn gjennom Sveio soknehus, som eiga juridisk verksemd med sjølvstendig rekneskap. For 2024 hadde drifta av soknehuset eit underskot på kr 39 959. Underskotet er dekkja av driftsfondet som pr 31.12 er på kr 73 545.

Sveio, mars 2025
Rune Hjelmeseiter
Leiar